

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

I samband med referatsak 13/14 oppfordra utvalsleiar medlemene som var interesserte, til å melda seg på friluftskonferansen i Kristiansand. Påmelding til utvalssekreter innan fristen den 10. april 2014.

I samband med referatsak 18/14 ønskte Kultur og ressursutvalet ein presentasjon frå Pilegrimssenteret i Røldal.

I samband med referatsak 19/14 ønskte utvalsleiar ei orientering om responsen på utlysinga av midlar. Fylkeskonservator orienterte.

I samband med referatsak 26/14 la KURE til grunn at Gamle Bjølvo er ein viktig del av Hordaland og Vestlandet si nyare historie og peikte på behovet for statleg verneplan for vasskraftsektoren der folkevalde styresmakter fekk ta stilling til det samla utvalet av kulturminne. KURE oppfordra administrasjonen om å sende klage på vedtaket slik at riving av anlegget ikkje var sett i gong før statleg verneplan var handsama og vedteken.